



Foto: COLORBOX

# MAKT TIL Å MEISTRE

- ReHabiliteringskonferansen 2015

14. og 15. Oktober 2015  
Scandic Parken Hotell Ålesund

**Kursavgift: kr. 1.350,- for 2 dagar, som inkluderer lunsj og kaffe.**

Tilsette i Helse Møre og Romsdal HF melder seg på via intern LÆRINGSPORTAL

<https://kurs.helse-midt.no/Sider/Rehabiliteringskonferansen-2015.aspx>

Alle andre melder seg på her:

[https://www.deltager.no/rehabiliteringskonferansen\\_2015\\_14082015](https://www.deltager.no/rehabiliteringskonferansen_2015_14082015)

## VELKOMEN TIL REHABILITERINGSKONFERANSEN 2015

I år har konferansen fått namnet "Makt til å meistre" og vi ynskjer med det å sette fokus på brukarar og pårørande si moglegheit til meistre livet og helsepersonell si moglegheit til å meistre eiga arbeid.

Samhandlingsreform, kommunereform og ei rekkje planer søker å pensle ut ein ny kvardag for brukarar og helsepersonell. Samstundes skjer det eit utviklingsarbeid i praksisfeltet som aukar kvalitet og effektivitet. Gir alt dette makt til brukarar, pårørande og helsepersonell?

Vi har sett saman eit program som strekjer seg frå opplevinga av kaos i kvardagen når livet plutselig blir endra, via ny rettleiar for rehabilitering og habilitering til spørsmålet om vi i litteraturen finn ord til å beskrive det ubeskrivelige. Vi ser på frivilligheita sin plass, ny lokal forskning og møtet mellom pasientens medverknad og helsevesenets dokumentasjonsbehov.

Rehabiliteringskonferansen vert i år av praktiske grunnar arrangert veka før ReHabveka. ReHabveka har som mål å bidra til auka merksemd, publisitet og erfaringsutveksling innan habilitering og rehabilitering.

Ei rad ustillarar vil også vere ein sentral del av konferansen. Nytt høvet til å møte desse og andre deltakarar til diskusjon og erfaringsutveksling.

Konferansen vert arrangert i samarbeid mellom Helse Møre og Romsdal HF og Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Dei fleste av føredragshaldarane er frå Møre og Romsdal. Det gjer det enklare å ta kontakt med dei på eit seinare tidspunkt om det er noko du ynskjer å fylgje opp.

Ved spørsmål, kontakt:

Anne Hollingen - telefon: 71 12 07 86

e-post: [Anne.Hollingen@helse-mr.no](mailto:Anne.Hollingen@helse-mr.no)

## Målgrupper:

Tilsette i kommuner og spesialisthelsetenesta

Koordinerande eining / Rehab.kontaktar

Høgskular / PPT / Vaksenopplæringa

NAV

Brukarorganisasjonar / Politikarar /pårørande

Råd for funksjonhemma

Rehabiliteringstenesta i Midt-Norge



## Program:

(Det kan komme endringer)

### DAG 1: Onsdag 14. oktober

Kl. 09.00	Registrering, kaffe og besøke utstillere
Kl. 10.00	Åpning og Kulturelt innslag
Kl. 10.30	Samhandling i støpeskjeen - kunnskap og forskning om samhandlingsreformen v/ Ralf Kirchhoff
Kl. 11.15	Hva har skjedd med samhandlingsreformen de siste to årene sett fra et brukerperspektiv? v/ Hanne Sjøvik
Kl. 11.45	Pause/besøke utstillere
Kl. 12.15	Oppdrag kommunereform - makt til å mestre? v/Turid Hanken
Kl. 13.00	Lunsj / besøke utstillere
Kl. 14.00	Lansering av ny veileder for rehabilitering v/ Bente Moen
Kl. 15.00	Pause/ besøke utstillere
Kl. 15.30 – 16.15	Til trøyst - Eit anna språk om sjukdom og helse. v/ Jan Inge Sjørbø

### Dag 2: Torsdag 15. oktober

Kl. 09.00	Velkommen
Kl. 09.10	Rehabilitering innen for forskning og utvikling v/Høgskolen i Ålesund Film: Velferdsteknologi/hjelpemidler i heimen med v/ Ina Breivik
Kl. 10.15	Pause/besøke utstillere
Kl. 10.45	Frivillighetens plass i rehabilitering v/ Ida Marie Holmin
Kl. 11.15	Fra Kaos til hverdagsliv v/ Lisbet Sæter og Jan Magne Dahle
Kl. 11.45	Lunsj /besøke utstillere
Kl. 12.45	Kulturelt innslag
Kl. 13.00	Er helvesenet forberedt på pasientmedvirkning i f.h.t dokumentasjon v/ Jorunn Bjerkan
Kl. 13:45 – 14.30	Naturen som arena for rehabilitering v/ Kristin Sætre og Marte Husøy





**Jorunn Bjerkan** arbeidar ved høgskulen i Nord-Trøndelag, avdeling for helsefag. Ho er sjukepleiar med lang klinisk erfaring, leiarerfaring, og med mastergrad i helseinformatikk. Ho disputerer i september for doktorgrad ved NTNU med avhandlinga: "IT I IP: En studie av brukermedvirkning i utprøving og testing av et internettbasert system for individuell plan."



**Bente E. Moe** er Avdelingsdirektør i Avd. minoritetshelse og rehabilitering. Ho er utdanna fysioterapeut og har praksis både frå primærhelsetenesta og spesialisthelsetenesta. Ho har vært leiar av rehabiliteringsavdeling og vært helsesjef i kommunehelsetenesta. Har vært lokalpolitikar i 8 år, mellom anna 2 år som varaordfører.



**Jan Inge Sørbo** er ein norsk litteraturvitar, forfattar og journalist. Han er professor ved Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, professor ved Institutt for sosialfag, Høgskulen i Volda og dessutan ved NLA Høgskulen. Han har gitt ut mange bøker. I 2013 kom «Til trøyst: å gje språk til psykiske kriser.»



**Ida Marie Holmin** er Fagsjef for inkludering og frivillighet i Frivillighet Norge. Ho har hovudfag i administrasjon og organisasjonsvitenskap ved Universitetet i Bergen og har m.a. arbeidd i ei rekkje frivillige organisasjonar. Frivillighet Norge er eit interessepolitisk samarbeidsorgan for frivillige organisasjonar. Frivillighet Norge jobbar m.a. for gode rammevilkår for frivillig sektor, for å synleggjere verdien av arbeidet i frivillige organisasjonar og å styrke samarbeidet mellom offentleg sektor og frivilligheita.



Cand.polit., ph.d **Ralf Kirchhoff** er førsteamanuensis ved Avdeling for helsefag, Høgskulen i Ålesund. Han er utdanna ved Universitetet i Bergen, Institutt for administrasjon og organisasjonsvitenskap. Generelle tema av interesse er helsereformer, koordinerings-/implementeringsproblematikk og endringar i kunnskapsorganisasjonar. Dei siste åra har han og et tverrfaglig forskarteam, evaluert ulike sider ved samhandlingsreforma.



Hanne Søvik er mellom anna nestleiar i brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal og nestleiar i FFO Møre og Romsdal. Ho har vore ein aktiv og uredde aktør i arbeidet med å betre helsetenestene og styrke brukarmedverknaden i Møre og Romsdal og Midt-Norge.



Turid Hanken er Rådmann i Haram kommune sidan 2009. Hanken har hovudfag i Samfunnsgeografi frå Universitetet i Bergen og Master i Public Administration (MPA) frå Copenhagen Business School. Ho har arbeidd med strategisk samfunnsplanlegging, omstilling og organisasjonsutvikling. Ho har også arbeidd 5 år som forskar i Møreforskning.



**Kristin Sætre** er sjukepleiar med vidareutdanning innan kognitiv terapi og tverrfagleg rehabilitering. Ho har vore tilsett ved Mork Rehabiliteringssenter sidan 1985.



**Marte Husøy** er ergoterapeut med vidareutdanning innan friluftsliv og naturguiding. Ho har vore tilsett ved Mork Rehabiliteringssenter sidan 2009.



**Jan Magne Dahle**, Ørsta (70). Pensjonist 2012. Lærer og politikar. Slagamma 2014.  
**Lisbet Sæter**, Ørsta (64). Pensjonist 2014. Førskulelærer. Høgskulelærer. Ektefelle.